

# Frivillig arbeid i Modalen kommune

## God plass til alle!



## Innleiing

Frivillig arbeid peiker på arbeidsinnsats ein legg ned utan å motta løn eller annan økonomisk kompensasjon. Ein deltek fordi ein har lyst. I tillegg må aktiviteten vere til fordel for samfunnet, miljøet eller andre. Frivillig arbeid har eit ikkje-kommersielt føremål. Omsorg for eigne familiemedlemmar vert ikkje omfatta av denne forståinga av frivillig arbeid. I Modalen finn me mykje av det frivillige arbeidet som enkeltpersonar utøver i samanheng med aktiviteten hjå lag og organisasjonar. Nokre av desse får me fort auge på, medan andre kjem varsamt inn kjøkkendøra og bidrar gang etter gang for at andre skal ha det godt.



I januar 2017 vart det halde ei samling kor dei frivillige laga og organisasjonane og Modalen kommune møttes. Me vart samde om å lage eit plan / utvikle frivilligpolitikk for Modalen.

Modalen kommune inviterte til deltaking i gruppe som kunne arbeide vidare med slik plan. Følgjande deltakarar meldte frå om at dei ynskte å ta del:

Namn:	Reprenterer:
Kristin Meiling	Barneteateret
Lars Patterson	Røde kors
Liv-Anne Aanesen	Modalen Idrettslag
Inga J. Nåmdal	Biblioteksjef, Modalen kommune
Sissel Hindenes	Flyktningkonsulent, Modalen kommune
Nina B. Eidsnes	Bryggjeslottet, Modalen kommune
Ove Sæbø	Kultur- og utviklingssjef, Modalen kommune
Erik Vollmer	Leiar for Bryggjeslottet og biblioteket. (kom til i sept. 2017)

## Vegen så langt...

Etter møtet i januar 2017 har arbeidsgruppa søkt å hente informasjon frå einskildpersonar, lokale lag/organisasjonar, samt dei kommunale einingsleiarane. Målet med dette var å få kunnskap om kva område som opptek innbyggjarane våre, omfang av deltaking i frivillig arbeid, tankar om utvikling, kva som motiverer og andre aktuelle saker.

I tillegg ba me laga/organisasjonane om å komme med innspel til viktige område å fokusere på, rekruttering, utfordringar, samarbeid med kommunen, samt utviklingstankar.

Dei kommunale leiarane vart utfordra på korleis dei kan samarbeide og styrkje frivillig sektor i kommunen. Du finn ei oppsummering av resultatata bak i dette dokumentet.

Lars Patterson (Røde kors) hadde ein gjennomgang av kulturtilskotsøknadar for 2017 kor han laga ein oversikt over stoda for lag og org. i Modalen. Her er nokre av funna:

- Det er rimeleg god økonomi og god økonomistyring blant dei som mottok kommunalt tilskot.
- Det er stor variasjon i kor stor del av inntektene til dei ulike som kjem frå kommunalt tilskot.
- Tildeling av tilskot er i snitt om lag 80 % av søknadssum.
- Aldersfordelinga blant innbyggjarane sett i forhold til medlemsskap i lag/org:
  - o 79 barn i alderen 0 – 14 år: 1,11 medlemsskap pr. stk.
  - o 23 unge i alderen 15 – 19 år: 0,91 medlemsskap pr. stk.
  - o 281 vaksne i alderen over 19 år: 0,90 medlemsskap pr. stk.



Me har vore opptekne av å finne dei frivillige sine behov.

I august 2017 sendte kulturkontoret ut eit skriv til lag/organisasjonar med ulike problemstillingar. Utgangspunktet for denne undersøkinga var å kunne gjere ei evaluering av bruk av tilskot til lag og organisasjonar for perioden 2015-2016. Føremålet med dette arbeidet er å bidra til at Modalen kommune kan

yte betre tenester til alle dei som driv mykje av den lokale velferda. Tema som vart adressert var:

- Informasjon/marknadsføring knytt til tilskot.
- Når me ut til alle? Inkl. potensielle nye lag/org.?
- Resultata lag og org. leverer; når dei måla sine?
- Har Modalen ei velfungerande ordning på tilskotsområdet?

Her har kulturkontoret nytta tilbakemeldingane i ei intern evaluering av tilskotsordninga kulturmidlar.

## Kvifor frivilligdokument?

Frivillig innsats er avgjerande for at Modalen som lokalsamfunn skal kunne fungere godt. Kommunen sine velferdstenester rekk eit godt stykke på veg (skule, barnehage, eldreomsorg m.m.), medan den forlenga armen er alle einkildpersonane, laga og organisasjonane som syr samfunnet saman.

Ved å utarbeide eit dokument som syner kven dei frivillige er, kva dei driv med og kva forhold som rår, vil me kunne løfte frivillig sektor fram i Ljoset. Det me synleggjer kan me byggje vidare på.

Det er *dei* frivillige som skal styre *det* frivillige. Kommunen skal vere tilretteleggjar, samarbeidspartnar og støttespelar. Dei frivillige skal ikkje overta offentlege oppgåver, men gjerne utfylle desse. Frivillig arbeid er lystbetont og skjer fordi den einskilde ynsker å gjere slik innsats.

I arbeidsgruppa har me sett på:

- Korleis kan me løfte det frivillige arbeidet fram?
- Korleis kan me styrkje det frivillige arbeidet?



## Frivillig arbeid i eit regionalt perspektiv

I den regionale kulturplanen for Hordaland (Premiss: kultur, 2015 – 2025) finn ein m.a. to mål for frivilligheita:

1. Frivillige lag og organisasjonar skal ha gode og føreseielege rammevilkår, og vere offensive i lokalsamfunna sine.
2. Fleire skal delta i det frivillige kulturlivet.

Frå dette perspektivet vert frivillig arbeid skildra som *at ein tek på seg ei oppgåve eller aktivitet, som er til fordel for nærmiljøet, samfunnet eller personar som ikkje er av nær relasjon, utan at det vert utbetalt løn for dette arbeidet.*

Frivilligheita er omtala som limet og basisen i kulturlivet vårt. Me kjenner igjen dette frå Modalen med all den aktivitet som ulike lag/organisasjonar og einskildpersonar står for. Ein viktig grunn til at me lagar denne planen er å anerkjenne den avgjerande tydinga frivillig innsats har for livskvaliteten til innbyggjarane. Den frivillige sektoren har også stor tyding for demokrati og meningsdanning, og spelar ei stor rolle for inkludering og meistring.

I følgje Statistisk sentralbyrå yt kvar innbyggjar årleg ein frivillig innsats til ein verdi av kr. 20 000,-. Om lag 80 % av innbyggjarane i Noreg er medlem i minst ein organisasjon, og nesten 50 % definerer seg som aktive medlemmar.

Det er det frivillige organisasjonslivet som dannar grunnlag for det profesjonelle!

Graden av deltaking i frivillige organisasjonar er prega av sosial ulikskap. Innbyggjarar med låg inntekt, trygda og etniske minoritetar deltek minst. Difor vert frivilligheit eit tema innanfor det lokale folkehelsearbeidet.

Ved å synleggjere det frivillige miljøet i Modalen gjennom t.d. dette dokumentet, bidreg me til å gje innvandrarak/innflyttarak kunnskap om ein viktig integreringsarena i deira lokalsamfunn. Slik kan me syte for å redusere kulturelle og økonomiske hindringar for deltaking.

## Presentasjon av frivillige lag og organisasjonar



*Medlemstal. 11.*

Medlem i Norges Kvinne- og Familieforbund.  
Laget vårt vart skipa i 1954.

### Modalen kvinne- og familielag

#### *Føremål:*

Kvinne- og familielaget ynskjer å skapa møteplassar for kvinner og menn i alle aldrar. Strikkekafeane våre vert kunngjort som Facebook-hendingar og med plakatar i sentrum på Mo og på Eidslandet

#### *Aktivitetar*

Skipar til strikkekafeane ein gong kvar månad. Me har ein sosial profil: strikkar m.a. babyhuer til nyfødde i Malawi og støttar arrangement på Modalstunet og i pensjonistlaget. Me driv dugnadsarbeid når våre medlemmer er med og lagar varme måltid til "Etter skuletid" i Kyrkjestova onsdagar gjennom skuleåret.

*Strikkekafeen samlar 3 generasjonar damer.*



*Babydokka er modell for huene til Malawi*

### Modalen/Eksingedalen skyttarlag

Namn: Vaksdal/Modalen Skyttarlag.

Vaksdal/Modalen Skyttarlag sitt føremål er å vekkje interesse for skyttersaka og for forsvar av fedrelandet. Laget skal stå tilslutta Det Frivillige Skyttervesen og fylgje grunnreglene i Det frivillige Skyttervesen.

Opplæring i våpenbruk og kunna driva skyteaktivitet i regi av DFS. Gje tilbod til jegerar for trening og avlegging av jegerprøve.

Medlemstal: 175. vaksne, 25. born/ungdom.

## Mo Fotoklubb

Kontakt: Mofoto på Facebook.



### *Føremål*

Viktigaste føremål er å gje kvarandre forståing for dette med å ta bilete, legge bilete på PC, redigering, auke kunnskapen om kamera og bildebehandling.

### *Aktivitetar*

Fotovandring, fototurer og utstilling.

### *Medlemstal*

10

## Modalen misjonssambandsforening

Songstunder på Modalstunet, opne møter i Bedehuset, Kyrkjestova og Modalstunet.

## Modalen indremisjonsforening

Sommarfest i Bedehuset, basar i oktober.

Laget er eigar av Bedehuset på Øvre Helland.

## Modalen folkeakademi

### *Føremål*

Stå som arrangør, medarrangør eller gje økonomisk støtte til ulike kulturelle arrangement eller møter.

### *Aktivitetar*

Folkeakademiet har som føremål å vera ein kulturbærar og kulturspreiar. Me fungerer som ein paraplyorganisasjon for medlemene våre.

### *Medlemstal*

5 enkeltmedlemer og 4 lag og organisasjonar: Modalen kvinne- og familielag, Modalen pensjonistlag, Modalen idrettslag og Mo sokn.



## **Modalen pensjonistlag**

### *Føremål*

Laget vil medverka til god kontakt mellom medlemmene gjennom samkomer, turar og arrangement. Laget har medlemmer i området Modalen, Eksingedalen og Eidslandet. Laget har også nokre få medlemmer som bur andre stader.

### *Aktivitetar*

Medlemsmøte, samkomer på Modalstunet, jolebord, dagsturar og overnattingsturar. Laget deltek på stand på Modalsdagane med lynutlodning og informasjon om laget. Laget står for trim, bading og bowling for eldre i Bryggjeslottet kvar måndag. Laget stiller også med lag på VP-serien i bowling.

### *Medlemstal*

Ca. 55

## **Modalen idrettslag**



### *Kontakt*

Facebook -> Modalen idrettslag.

### *Føremål*

Modalen Idrettslag har aktivitet for modalingar i alle aldrar, med størst fokus på barne- og ungdomsidrett. Modalen Idrettslag skal leggje til rette for og drive organisert aktivitet for born, unge og vaksne i nærmiljøet.



### *Aktivitetar*

Idrettslaget har grupper innan desse idrettane: fotball, volleyball, ski, handball, idrettsskule, turaktivitet med årlege turkort med anbefalte turar. I tillegg arrangerer laget "Nedstavatnet Opp", eit motbakkeløp på 1,5 km tredje laurdagen i august kvart år. Siste helga i januar arrangerer vi "Vintercup" i volleyball i Bryggjeslottet.

Vi har gode treningsforhold i Modalen: Dei fleste faste aktivitetane går føre seg i Bryggjeslottet (idrettshall og symjebasseng), i tillegg brukar vi den nye kunstgrasbana ved Mo skule og om sommaren sandvolleyballbana på Hugnastad. Det finst og ei mindre bane på Øvre Helland og ballbinge på skuleplassen. Elles køyrer vi skiløyper om vinteren, anten på Krossdal, på Helland eller på Øvre Helland, og arrangerer skikarusell så lenge vi har snø. Vi er aktive i merking og vedlikehald av turstiane i heile dalen, og særleg Hellandsdalen og Nygard er mykje brukt til turgåing både på barmark og om vinteren.

### *Medlemstal*

180 stk, frå 5 til 70 år.

### *Anna*

MIL ynskjer initiativ til ny aktivitet hjarteleg velkommen! Laget legg vekt på å støtte nye trenarar med tilbod om kurs og vidareutvikling innan barneidrett. Det er sosialt og kjekt å vere med i idrettslaget i bygda!





## Modalen barneteater



### *Føremål:*

Modalen barneteater har som siktemål å vere eit verdfullt tilskot til barnekulturen i området. Barneteateret jobber inkluderande og samlande, og har fokus på at borna er deltakande i heile prosessen frå start til slutt. Kvart år søker barneteateret å dra med seg andre grupperinger i Modalen og omegn. Vi vil engasjere, motivere og skape samhald.

### *Aktivitetar:*

Barneteateret har omlag ei framsyning i året, med eit sjølvskrevet teaterstykke kor barna deltek i heile den lange prosessen det er å setje opp ei "heilaftans" framsyning. Det er øvinger omlag ein gong pr. veke i teatersesongen, med ei øvingshelg tett opp mot framsyning. Barneteateret reiser også opp på aldersheimen kvart år for å underhalde de eldre i bygda.





*Medlemstal:* Medlemstala varierer frå sesong til sesong, det har vore alt frå 12-35 barn i alderen 5-15 år. Føresette, instruktørar og vaksne skodespelare vert og rekna som medlemar kvar sesong.

*Anna:*

Sjølv om barneteateret har born som hovudmålgruppe, er alle speleglade og leikne sjelar velkomne hjå oss!

### **Veteranbussklubben**

Medlem i Norsk Rutebilhistorisk foreining.

Restaurerer og tek vare på gamle bussar/bilar som har gått i rute for Modalen Eksingedalen Billag.

Klubben eig eit hus/garasje på Eidslandet.

Medlemstal: 29.

### **Øvre Helland vellag**

Jolegrantenning, bingo, jonsokfeiring, dugnad og andre trivselstiltak.

### **Mo og Kleivane vellag**

Jolegrantenning, jonsokfeiring, dugnad på leikeplassane og andre trivselstiltak.

### **Modalen Revylag**

Annakvart år framfører laget revy med to framsyningar i Bryggjeslottet, med sjølvskrevne tekstar frå hendingar i bygda, og ellers i samfunnet.

### **iModalen**

Facebook: <https://www.facebook.com/groups/iModalen/>

Målsetninga til iModalen er å skape aktivitet og ei god og positiv utvikling i lokalsamfunnet vårt, både sosialt og innafør næring. iModalen blei oppretta for å søke støtte frå det regionale LivOGLyst-programmet, og har vore tilknytta dette programmet frå 2014. I 2017 fekk vi innvilga eit 3-årig prosjekt med finansiering, og vi har knytt til oss ei rekke aktive lag/organisasjoner og næringsaktører/gründere i form av delprosjekt under dette lokale LivOGLyst-prosjektet. Størst aktivitet er det på marknads- og produktutviklingssida. Vi arrangerer jamleg marknader lokalt frå mai til oktober, der dei som lagar lokale produkt, er velkommen til å delta og møte kundar, dette er også ein sosial møtestad for folk i bygda og for tilreisande i turistsesongen.

iModalen er eit nettverk og ein organisasjon der ein kan komme med gode idear og diskutere dei. Det er folk med ulik kompetanse og erfaring i organisasjonen, og fram t.o.m. 2019 er det også midlar i organisasjonen som ein kan søke om for å gi idear og prosjekt ein flying start.



## Kyrkja

I Modalen kommune er det ei kyrkje, Mo kyrkje. Frivillige er med og hjelper til på desse arrangementa:

Konfirmantundervisning, Kode B, Etter skuletid, Tårnagentane, Lysvaken, Bu heime leir, Bu vekke leir.

Kundetorget kan kontaktast for opplysningar om kontaktpersonar for lag og organisasjonar.

## Målsetjing

Kva ynskjer me å oppnå med eit dokument som omhandlar det frivillige arbeidet i Modalen? Og korleis skal me få dette til?

Me ynskjer å ha ein frivilligplan og utsikt mot framtida kor både kommunen og dei frivillige skal kunne ta steg – saman. Me skal ha nokre ambisjonar om å styrke oss, forbetre oss, utvikle oss. Men det skal vere fordi ein har lyst! Slik kan planen virke som eit retningsgjevande arbeidsverkstøy i det daglege.

## Mål

Frivilligheita i Modalen skal gje eit variert tilbod av høg kvalitet som femner om flest mogleg av innbyggjarane.

I denne målsetjinga peiker me på at me framover skal byggje kvarandre og me skal samarbeide om å lage eit så godt innhald i sektoren som råd er. Det vil kunne føre til at fleire vil bidra med sin innsats, samstundes at fleire vil kunne nyte godt av den frivillige innsatsen som vert lagt ned.

I tillegg peiker me på rekruttering gjennom å nå flest mogleg. Rekruttering omhandlar både medlemmar og aktive deltakarar.

## **Frivilligkafè i Modalen.**

Undervegs i arbeidet med å lage eit frivilligdokument har temaet *frivilligsentral* blitt drøfta. Våren 2017 vart det gjennomført 3 *språkkafèar* i Bryggjeslottet. Dette var i regi av Røde kors. I tillegg vart det ytt god innsats frå einskildpersonar. Språkkafèen vart initiert m.a. fordi Modalen fekk glede av å ta imot 3 syriske familiar i 2016. Dette aktualiserte integreringstankar blant innbyggjarar, og kafèen vart ei realitet.

Ein frivilligsentral/-kafè kan organiserast på ulike vis. Utgangspunktet vert at denne kan fungere som eit treffpunkt for dei ulike organisasjonar og lag i Modalen, der ein kan koordinere og vidareføre mykje godt arbeid. Om dette skal etablerast og korleis ein evt. ser føre seg organisering og finansiering, kan vere grunnlag for drøfting framover.

Dersom me kartlegg kva behov som finns i Modalen i høve til hjelpebehov som det frivillige kan ta del i, vil det kunne vere eit utgangspunkt for å vurdere steg vidare.

## **Marknadsføring**

På Modalen kommune si nettsida ([www.modalen.kommune.no](http://www.modalen.kommune.no)) er det ein kulturkalender for Nordhordland, der ein kan avgrense til arrangement i Modalen. Her kan lag og organisasjonar leggje inn arrangement og møter.

Dersom alle nyttar denne moglegheita vil me kunne oppleve at dette vert informasjonskanalen der me kan opplyse kvarandre og utanforståande om aktivitetar. Me bør vere aktive i arbeidet med å informere innbyggjarane om denne løysinga slik at me kan etablere god praksis for alle.

Kulturkontoret i samarbeid med lag og org. lagar og ein kulturkalender for alle kjente aktivitetar annakvar månad. Denne vart lagt på kommunen si heimeside, oppslag på butikkane, i Mo sentrum og Bryggjeslottet.

Facebook er ein etablert kanal for lag og organisasjonar for å kommunisere møter/aktivitetar. Modalen har ikkje ei etablert løysing med omsyn til bruk av sosiale media. Me ynskjer å få dette til og ser føre oss at det skal komme i løpet av 2019.

Me nyttar som nemnt oppslag på Bryggjeslottet, matvarebutikkane, veggen v/ konferanserommet m.m. når me skal varsle om arrangement. I tillegg nyttar me lokalavisene . Praksis har vore at Modalsdagane har ein breiare marknadsføring.

## **Samarbeid**

Modalen kommune ynskjer å ha eit årleg møte med alle lag og organisasjonar som driv frivillig arbeid. Eit forslag kan vere at dette fellesmøtet skal leggjast til januar. Kommunen kallar inn og det vert partane i fellesskap som skal setje agenda for møtet.

I dette møtet vert me samde om plan for året, og me drøftar aktuelle tema.

I tillegg oppfordrar kommunen til låg terskel for å ta kontakt. Kundetorget vil søkje å vere aktiv undervegs i året med å dele informasjon, men òg for å hente inn informasjon. Kundetorget skal vere alle lag og organisasjonar sitt kontaktpunkt inn mot kommunen.

Kundetorget har som målsetjing å svare på alle henvendingar innan kortast mogleg tid, men og med høgast mogleg presisjon og kvalitet.

E-post, telefon, brev og møter med aktuelle, vert hovudpunkt i samarbeidet utover det årlege fellesmøtet i januar.

Tilbakemelding frå undersøking i august syner at det var positivt å få digitalisert søknadsprosessen.

## **Stønad frå Modalen kommune**

Økonomisk stønad frå Modalen kommune er viktig for at lag og organisasjonar skal kunne gjennomføre sine planar for aktivitet. I tillegg kan det vere ulike andre inntektskjelder som t.d. kontingent, arrangement m.m.

Kommunen set av ein årleg sum på budsjettet. For 2018 var denne summen kr. 140 000,-. Desse pengane skal fordelast på den organiserte delen av frivillig sektor, men og enkeltståande initiativ gjennom året. I tillegg til pengar ynskjer me å by frivillig sektor støtte i form av gratis leige av kommunale lokale til møter, trening andre arrangement. Me kan tilby telt til utearrangement og andre tilpassingar etter behov og avtale. Det er gratis for lag og org. å kopiere på kommunehuset.

I undersøking frå august 2017 vert det frå lagssida peika på den menneskelege faktoren for etablering og gjennomføring. Slik sett er det eit poeng å sjå på ressursbehovet for etablering og drift av frivilligtilbod utover det reint økonomiske. Frivillig verksemd handlar først og fremst om folk og deira lyst og evne til å ta del – gjerne over tid.

## **Rekruttering**

Det vil vere naturleg at det svingar litt i medlemsmassen hjå dei ulike laga/org. Det er mange grunnar til at folk kan ta del til ulike tider gjennom livet. For å kunne sikre tilgang til dei laga/org. som i dag driv i Modalen, samt stimulere til nye laga/org., er det viktig å vere synleg og inviterande. Alle innbyggjarar i Modalen bør kjenne til frivillig sektor og korleis denne går føre seg. Slik kan fleire finne ut om det er ein plass til dei. Dette kan me syte for ved å ha dette frivilligdokumentet og utforme det på opplysende og inviterande vis. Me kan aktivt syne at det er plass til fleire og at me ønskjer dei velkommen.

Det ferdige dokumentet kan me søkje å distribuere så godt råd er med ein klar invitasjon til at dei som er nyfikne/interesserte om gjerne å ta kontakt med laga/org., eller Kundetorget.

## Strategi framover

Det kan vere aktuelt å planlegge vidare steg for frivillig sektor i Modalen. Det bør drøftast på fellesmøtet i jan kvart år. Døme på modell kan vere slik som under:

Mål: Modalen kommune og frivillig sektor skal styrke samarbeidet!

Tiltak	Korleis	Ansvar
Utarbeide aktivitetsskalender for frivillig sektor.	Samle inn aktivitetar og hendingar for 2. mnd om gangen. Lage plakat som vert synleggjort ved oppslag, kommunen sine nettsider og ut til lag/og.	Modalen kommune i samarbeid med dei frivillige.
Utforske mogleg etablering av frivilligsentral/-punkt.	Drøfte med lag og/eller enkeltpersonar i januar møte.	Modalen kommune i samarbeid med frivillige.
Informere/opplyse med utgangspunkt i frivillig.no	Dele informasjon, oppfordre.	Alle.
Drøfte kvart år i januar.	Fellesmøte mellom lag/org og kommunen.	Modalen kommune kallar inn til møte.

Dersom ditt lag/org. ynskjer plass i frivilligplanen, er det berre å sende litt info – og gjerne eit bilete – til [postmottak@modalen.kommune.no](mailto:postmottak@modalen.kommune.no).

## Kommunale leiarar sitt forhold til frivillig sektor

Dei kommunale leiarane fekk våren 2017 førespurnad om å skildre sitt forhold til lag og org. Under finn du kva dei svarte.

### Kvifor bør Modalen kommune ha eit samarbeid med frivillige lag og organisasjonar?

#### Barnehage

Fordi slike lag og organisasjonar veit kva som rører seg og kva som er viktig å satse på. Frivillighet gjev mulighet til å realisere egne interesser og bidreg til noko positivt i nærmiljøet. Dette igjen er medverkande på å styka den lokale identiteten. Ein får moglegheit til å gjera noko positivt for andre. Frivillighet har ein verdi i seg sjølv og kan ikkje målast i pengar. Dette er grunnar til at ein som kommune bør ha eit samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

#### Kundetorget

Det bidrar til trivsel, samhold og identitetsbygging.

#### Rådmann

Ein kommune kan ikkje gjere eller ha ansvar for alle oppgåver i eit lokalsamfunn. Samarbeid med lag og organisasjonar er derfor viktig. Det kan gje meningsfulle oppgåver og frigjere energi og motivasjon som aukar trivsel og løyser oppgåver som elles ikkje vert teke tak i.

#### Pleie og omsorg

Det vil vere ein styrke til samhold og bidra til forståing for det arbeidet tenesta har. Dette gjeld både dei yngre og eldre frivillige. Skape fellesskap i kommunen.

#### Teknisk

- Det kan styrke lokalsamfunnet
- Det kan bida til nyskaping
- Det kan bidra til at kommunen får inn innspel til utvikling av lokalsamfunnet

#### Skule

Det å vera med å gjera ein innsats som frivillig, gjev eigarforhold og kjensle av identitet og deltaking i lokalsamfunnet. Samfunnet elles er mykje tufta på frivillig deltaking.

Kommunen er ofte villig til å støtte tiltak inn mot innbyggjarane. Når innbyggjarane stiller med frivillig innsats kjennest det rettar å støtta tiltak økonomisk

### **Korleis kan di avdeling bidra til å styrkje frivillig sektor i Modalen?**

#### Barnehage

Framsnaque frivillig arbeid. Være opne for samarbeid. Delta og bidra på frivillige arrangement. Bidra med lån av lokale eller utstyr om det er møter eller arrangement som skal haldast.

#### Kundetorget

Informasjon om at kommunen kan vera ein medspelar på t.d tilskotsmidlar. Formidla behov og utfordringar turistar som kjem til kommunen har.

#### Rådmann

Innan den direkte sentraladm. / forvaltninga er det noko begrensa med oppgåver, men ein kan initere samarbeid om ulike prosjektoppgåver og leggje til rette for delfinansiering og vere med å «heie fram» gode tiltak . Markedsføre på heimesida og gje positive uttalar til andre .

#### Pleie og omsorg

Me har allereie eit samarbeid med pensjonistlaget, og eg tenkjer at me kan bidra til nye innbyggjarar som kjem for å skape forståing for ulike kulturar. Me har og språkpraksisstudent, jfr. integrering. Ville setje pris på om nokon ville vurdere å kome innom for å lese/underhalde dei eldre ved institusjonen. Mogleg og nettverk til heimebuande.

#### Teknisk

Vi kan bidra med utlån og tilrettelegging i forbindelse med tiltak.

#### Skule

I skulen vert grunnlaget for gode haldningar og verdjar lagt. Heimen har sjølv sagt òg stor påverknad (den største) på ungdommane. Godt samarbeid med heimane saman med elevane vil styrke den frivillige innsatsen.

Frivillig arbeid i skulen er gjerne i regi av FAU. Skulen kan verta betre på å motivere FAU til å koma i gang med frivillige aktivitetar. Dette har betra seg siste tida.

### **Korleis kan du som leiar leggje til rette for dette?**

#### Barnehage

Ta del. Bidra med gode haldningar. Oppmoda til frivillig innsats.

#### Kundetorget

Syta for at alle har og formidlar god informasjon om kommunen.

#### Rådmann

Vere positiv til initiativ frå lag / organisasjonar når dei tek kontakt. Aktivt tenkje på om vi har lokale lag/organisasjonar som kan trekkast med for å få ting til å skje.

#### Pleie og omsorg

Invitere til samarbeid, som me har gjort med pensjonistlaget. Stille oss interessert i frivillig arbeid og delta med brukarar både på institusjon og heimebuande. Me prøver å få til eit tilbod om aktivitetssven for einskilde brukarar der me vil invitere deltakarar.

#### Teknisk

- Være imøtekomande
- Positiv i samband med hendelser
- Sjå muligheiter
- Informere om kva kommunen har av tjenester

#### Skule

Gjennom å aktivisere og informere FAU tidleg på året. Vera ein sterkare pådrivar for å få i gang aktivitet

### **Korleis kan frivillige lag og organisasjonar bidra til at di eining kan yte betre tenester?**

#### Kundetorget

Syta for at alle har og formidlar god informasjon om kommunen.

#### Rådmann

Her er det vanskeleg å peike på ting dei kan gjere i høve den komunale adm. Må i så fall vere prosjekt som rettar seg mot miljø (og kultur).

#### Pleie og omsorg

Det å ha nokon andre enn personale å snakke med, gå turar, lese for, aktivisere vil bidra til auka sosialt fellesskap. Det å verte teke med og ha kontakt med ulike personar både unge og eldre er viktig for alle generasjonar for betre forståing for kvarandre. Brukar kan delta på arrangement og kunne vere ein slags støttekontakt ved arrangement for eksempel på Mo. Mange har ikkje pårørande og behov for andre som kan vere støttande.

#### Teknisk

- Ta kontakt med eininga
- Kome med spørsmål
- Være kreative
- Samarbeide med kommunen på ulike tiltak

#### Skule

Godt, postivt/konstruktivt samarbeid er ein vinn-vinn-situasjon. Kjennskap og innsikt fører til betre forståing for kvarandre.



